

Bysheim 01.11.16

*Forslag til Årets hordalending 2016 : Cato Lyngøy*

Eg vil med dette foreslå Cato Lyngøy som Årets Hordalending 2016 for nybrottarbeid i samband med oppdrettsnæringa; ideen om eit flytande, lukka oppdrettsanlegg. Ideen han har sett fram, kan tenkast å verta ei løysing for næringa i samband med to store problem; lakslus, rømmingar. Samstundes vil nyvinninga også kunna ha andre positive utslag for miljøet.

Lyngøy er teknologidirektør i Hauge Aqua, som i 2015 lanserte ideen om det nemnde flytande, lukka oppdrettsanlegget, forma som eit gigantisk egg som kan erstatta dagens opne oppdrettsmerdar. Eggløysinga vart presentert på messa Aqua Nor i Trondheim i august 2015. Avisa Strilen skreiv i ein reportasje frå messa (som dei omtalar den største nokon sinne): «Midt i mylderet av utstillarar, var det ein gjeng frå Nordhordland som truleg fekk aller mest merksemd.» (Strilen 27.08.15)

Blant desse var også Cato Lyngøy. Det er han som i første omgang løfta fram egg- ideen, og i «tett samarbeid med fagmiljøet i Mundal-gruppa og fleire andre lokale aktørar, har kongsten til Cato Lyngøy og Hauge Aqua gradvis kome til overflata.» (Strilen 27.08.16)

Tidleg i 2016 vart det kjent at Marine Harvest har valt å gå vidare med dette teknologikonseptet, noko som vil gjera det mogeleg å fortsetja forskninga i større skala, bl.a. ved utprøving av «egget».

I tillegg til det som er nemnt over, engasjerer Cato Lyngøy seg i å utvikla gode løysingar for fiskeoppdrett i Afrika. Blant anna vert det gjennom Hauge Aqua arbeidd med å utvikla løysingar som kan nyttast til «småskalaoppdrett» med rimelege og enkle innsatsmidlar. Dette vil truleg kunna verta eit ledd i arbeidet med å få bukt med fattigdom, få positive ringverknader og skapa håp for enkeltpersonar/-familiar i lokalsamfunn der fattigdommen er stor og jobbmulighetane få.

*Til kriteria for prisen:*

Lyngøy bur i Hordaland, nærmere bestemt på Leknes i Nordhordland.  
Han har gjennom sin kreative ide for lukka oppdrettsanlegg sett Hordaland på kartet.  
Vidare brukar han sin kompetanse internasjonalt, bl.a. i utviklingsarbeid i Afrika.  
*Cato Lyngøy har såleis utmerka seg både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.*

Med dette vil eg på nytt løfta fram Cato Lyngøy som ein innovativ, modig, aktiv og verdig kandidat til prisen som Årets hordalending.

Med venleg helsing  
Annbjørg B. Herland  
(heradstyrerrepresentant i Osterøy heradsstyre)